

Om Kart og kompass

Når me snakkar om store gudar, er den Gamle Antonio som ein av dei største, av dei som fødte verda. Alltid røykjande, nokre gonger gåande, andre gonger i samtale. Den Gamle Antonio set seg i kveld med meg. Han set seg, 10 år attende i tid, rekna frå denne kvelden. Med han, med den Gamle Antonio, set alle kvinner og menn med mørkt blod i verdige hjarto seg med meg. Dei set seg med meg, og tek, endeleg, frå meg ordet og stemma for å fortelja oss om kampen. For å fortelja oss, seier dei, og så seier dei til meg, ikkje for å påføra oss, ikkje for å tvinga oss, ikkje for å oppsluka oss. For å fortelja oss om kampen og tidene 10 år attende frå denne kvelden, med regnet og eit kaldt mørkre som tak og vegg. Den natta som den Gamle Antonio, saman med meg, trakka i gjørma med macheten i handa.

Sa eg at med meg går den Gamle Antonio? Då laug eg i så fall. Han går ikkje med meg; eg går i fotefara hans. Det var ikkje slik me tok til å gå den kvelden. Fyrst rota me oss bort. Den Gamle Antonio inviterte meg på hjortejakt, og me jakta på hjorten, ja, men me tok han aldri att. Då det gjekk opp for oss at hjorten var borte var me midt i skogen, midt i regnet, omringa av natta.

- Me har gått oss vill- seier eg til fånyttas.

- Slik er det- seier den Gamle Antonio, der han står og lagar eit tak til elden med den eine handa, medan han fyrer i rullingsen med den andre. Han verkar ikkje særleg uroa.

- Me må finna vegen attende- høyrde han meg seia.

Eg har eit kompass- seier eg til han, som om eg sa: Eg har ein mobiltelefon, i tilfelle du skulle vera interessert i å verta plukka opp .

- Slik er det- seier den Gamle Antonio på nytt, som for å la meg ta initiativet og syna seg klar til å fylgja meg.

Eg lyfter opp motløysa og erklærer meg sjølv klar til å by fram mine geriljakrigarkunnskapar, som eg hadde tileigna meg gjennom to år i skogen. Eg stiller meg tett innunder eit tre, tek fram kartet, høgdemålaren og kompasset. Med store ord, gestikulerande framfor den Gamle Antonio skildrar eg høgder over have, topografiske kurver, barometertrykk, gradar, millimetrar, stipla linjer og andre slike ting, av den typen som for oss militære går under namnet navigasjon på land . Den Gamle Antonio seier ikkje noko. Han står urørleg ved mi side. Urørleg. Eg trur han lyttar fordi han ikkje har halde opp å røykja. Etter ei stund med tekniske og vitskapelege termar reiser eg meg og, med kompasset i handa peikar eg mot eit hjørna av mørkret medan eg med sikker stemma, allereie i rørsla, seier:

- Den vegen er det.

Eg ventar at Den Gamle Antonio skal koma med sitt vanlege det stemmer , men den Gamle Antonio seier ikkje noko. Han tek opp geværet sitt og fylgjer etter meg. Me gjekk ei stund i den retninga utan å nå nokon stad, og eg byrja kjenna meg flau over mitt tekniske utstyr sin mangel på suksess. Eg ville ikkje snu meg mot der den Gamle Antonio fylgde meg utan å seia eit ord. Etter ei stund, då me kom til ein fjellvegg som sperra for vidare framsteg, gjekk mine siste restar av byrgskap i oppløysing. Eg sa:

- Og kva no?-

Då tok den Gamle Antonio bladet frå munnen. Fyrst kremta han litt, spytta litt tobakksrusk, og så høyrde eg bak meg:

- Når du ikkje veit kva som fylgjer er det til stor hjelp å sjå seg attende-

Eg tok han bokstavigleg og snudde meg, ikkje for å sjå frå kva retning me kom, men for, med ei blanding av redsla, skam og underkasting å sjå på den Gamle Antonio. Den Gamle Antonio seier ikkje noko, ser på meg, og forstår. Han tek fram macheten sin, og ved å opna ein veg langs den attgrodde skogbotnen, vel han ein annan veg.

- Er det den vegen?- spør eg til fånytt.

- Slik er det- seier den Gamle Antonio medan han høgg slyngplantar og fuktige bitar av natta. Etter få minutt er me atter ein gong på hovudvegen, og torevêret sine lynande glimt syner oss den mørke profilen av landsbyen til den Gamle Antonio.

Våt og trøytt nådde eg hytta hans. Doña Juanita satte over kaffien, medan me sette oss intil elden. Den Gamle Antonio tok av seg den våte skjorta og la ho til tørk på den eine sida av eldstaden. Etterpå gjekk han til det eine hjørnet av rommet og sette seg rett på bakken medan han baud meg ein krakk. Eg vegra meg fyrst, delvis fordi eg ikkje ynskte å forlata eldstaden, og delvis fordi eg framleis var flau over det nyttelause opptrinnet med kartet, kompasset og høgdemålaren. Likevel sette eg meg. Me byrja begge å røykja. Eg braut stilla, og spurde han korleis han hadde funne vegen heim.

- Eg fann han ikkje- svara den Gamle Antonio meg, - Nei, han var ikkje der. Eg fann han ikkje, eg laga han slik dei alltid vert laga. Gåande altså. Du trudde at vegen allereie fantes ein stad, og at dine apparat skulle fortelja oss kvar vegen hadde vorte av. Men nei. Og deretter trudde du eg visste kvar vegen var, og du fylgde meg. Men nei. Eg visste ikkje kvar vegen var. Det eg verkeleg visste var at me saman måtte laga vegen. Så gjorde me det. Slik nådde me dit me ynskte oss. Me lagde vegen. Han var ikkje der.

- Men kvifor sa du til meg at når ein ikkje veit kva som fylgjer skal ein sjå seg attende? Er ikkje det for å finna vegen att?- spør eg.

- Slik er det ikkje- svarar den Gamle Antonio- Ikkje for å finna vegen att. Det er for å sjå kvar du var før, kva som hende og kva du ville.

- Korleis det?- spør eg utan blygsel.

- Ved å snu deg legg du merke til kvar du har havna. Dersom du ser bakover legg du merke til at det du ynskte var å gå attende, og at det som hende var at du svarte at ein burde finna vegen attende. Og det er problemet. Du byrja å leita etter ein veg som ikkje eksisterer. Det måtte gjerast- den Gamle Antonio smiler nøgd.

- Men, kvifor seier du at me lagde vegen saman? Du lagde den. Eg berre fylgde deg- sa eg litt ukomfortabelt.

- Slik er det ikkje- held den Gamle Antonio fram smilande. - Eg lagde han ikkje aleine. Du óg lagde han, for du gjekk også fremst eit stykke.

- Ah! Men den vegen førte ingenstads!- bryt eg han av.

- Slik er det. Han virka fordi me lærte at han ikkje virka, og dermed heldt me ikkje fram å gå den vegen. Eller det vil sei, å laga. Han tok oss dit me ikkje ville. Dermed kunne me laga ein annan veg som kunne føra oss dit me ville- seier den Gamle Antonio.

Eg vart ståande å sjå på han ei stund, for så å utfordra han:

- Altså, du heller visste ikkje at vegen du heldt på å laga skulle føra oss hit?

- Slik er det ikkje. Berre ved å gå når ein fram. Ved arbeid altså, kamp. Det er det same. Det sa dei aller største gudane, dei som fødte verda, dei første- den Gamle Antonio reiser seg- og mange andre ting sa dei. Til dømes at nokre gongar må ein kjempa for å kunna arbeida, og andre gongar må ein arbeida for å kunna kjempa- seier den Gamle Antonio, som tydeleg fører språket med same dugleik som han

fører macheten.

Slik gjekk eg bak den Gamle Antonio den natta for 10 år sidan. Sa eg at eg gjekk bak den Gamle Antonio? I så fall laug eg. Eg gjekk ikkje bak han, men saman med han. Og det er denne kvelden, for 10 år sidan.